



Førebygg forgifting hos barn

Kva er giftig for barn? Kva skal du gjere når barnet har smakt på eller fått noko i auget? Her finn du ei oversikt over potensielle forgiftingsfarar barnet kan møte på i heimen eller i omgivnadene sine.



Barn kan lettare komme over legemiddel som blir oppbevarte i toalettmapper, handvesker og nattbordskuffen.
Dette kan auke faren for forgifting hos barnet. Foto: Giftinformasjonen.

Innhald

Førebygg forgifting hos barn	1
Førstehjelp ved søl på huda, auge eller ved svegning	2
Huda	2
Auge.....	2
Tips når du skal skylje auga til barnet:	2
Barn som smakar på	3
Medisinsk kol.....	3
Legemiddel	3
Reseptfrie legemiddel kan òg gi forgiftingar:	3
Kjemiske produkt.....	4
Planter	4
Sopp.....	5
Snus og andre nikotinhaldige produkt	5
Babypydikt	6
Giftinformasjonen – kven er vi?	6



I alle heimar finst det produkt som er giftige eller helsefarlege. Uhell med slike produkt kan føre til forgiftingar, som i verste fall er livstruande. Giftinformasjonen erfarer at barn i aldersgruppa 1–4 år er særleg utsette for forgiftingsuhell.

Førstehjelp ved søl på huda, auge eller ved svelging

Huda

Skyl huda under rennande vatn med behageleg temperatur dersom det er sølt kjemikaliar eller produkt. Mistenkjer du at produktet kan vere etsande, ring Giftinformasjonen (22 59 13 00) medan skyljinga går føre seg. Det er viktig å komme raskt i gang.

Auge

Auga er meir sensitive enn huda, og det er ofte smertefullt å få noko i auget. Skyl under rennande, lunka vatn eller med sterilt saltvatn så snart som mogleg. Dette kan vere utfordrande, men kan òg vere svært viktig.

Tips når du skal skylje auga til barnet:

- Prøv å roe ned situasjonen og gjere barnet tryggast mogleg.
- Få vatn direkte inn på auget. Det kan vere nødvendig å halde augelokka frå kvarandre for å få til dette.
- Bruk ei rein drikkeflaske eller mugge for å få rennande vatn på auget, dersom det er vanskeleg å skylje under vasskrana.
- Bruk eventuelt dusjen eller badekaret.
- Vurder om det er best å ha barnet sitjande eller liggjande, anten på golvet eller på fangen.
- Ein bør òg skylje hender som er tilgrisa, for å hindre at barnet gnir produktet inn i auga på nytt.

Giftinformasjonen (22 59 13 00) gir råd om kor lenge du bør skylje, og om det er nødvendig med vidare oppfølging hos lege. Ved søl med irriterande produkt, som flytande handsåpe, sjampo og fuktikremar, kan ein sjå det an heime etter skyljing. Ta barnet til lege dersom symptoma varer lenger enn eit par timer etter uhellet.

Etsande produkt kan gi alvorlege skadar på auget. Skyl auget kontinuerleg fram til ein lege tek over behandlinga.



Barn som smakar på

Å smoke på ting i omgivnadene er vanleg for barn som utforskar verda. Fjern restar frå munnen og tilby noko å drikke. Dei større barna kan først skylje munnen og spytte ut. For små barn er dette vanskeleg, men drikke gir også skyljeffekt i munnen. Tilby litt vatn eller noko anna som barnet vil ha, til dømes saft, mjølk eller å amme barnet. Nokre slurkar eller eitt glas drikke er ofte nok.

Oppkast skal ein vanlegvis ikkje framkalle heime.

Ved svelging av etsande stoff, skyl munnen og gi eitt glas med drikke. Ring 113. Etsande stoff kan òg gi hevelsar i luftvegane og pusteproblem.

Medisinsk kol

Medisinsk kol er spesialbehandla kol som kan vere nyttig å gi ved nokre forgiftingsuhell. I mange situasjonar er det ikkje nødvendig eller ønskjeleg å gi det. Det er uheldig å få kol ned i luftvegane, og ein skal difor ikkje gi det til barn som er motvillige, sløve eller kastar opp.

Medisinsk kol er nyttig å ha som ein del av førstehjelppakkene i ein heim med barn. I dei tilfella der kol kan vere nyttig å gi, er det viktig å gi det raskt etter uhellet. Kontakt Giftinformasjonen (22 59 13 00) for ei vurdering før du gir medisinsk kol.

Legemiddel

For nokre legemiddel kan sjølv éin tablett vere nok til å gi alvorleg forgifting hos eit barn.

Andre legemiddel er lite farlege. Å smoke på fluortablettar, p-pillar eller multivitamin utan jern gir sjeldan symptom.

Reseptfrie legemiddel kan òg gi forgiftingar:

- Oppbevar alle legemiddel utilgjengelege for barn.
- Til flytande legemiddel bør du bruke riktig doseringsutstyr som sprøyte, målebeger eller måleskei.
- Sjå alltid godt på emballasjen og etiketten for å unngå å forveksle medisinar.
- Bruk medisinen slik legen eller apoteket har forklart. Les bruksrettleiinga nøyde så du gir rett mengd.
- Ver oppmerksam når du er på besøk eller har gjester. Barn kan finne medisinar som ikkje er forsvarleg oppbevarte, til dømes i ei handveske som står på golvet.
- Ver merksam på riktig bruk og oppbevaring av medisinar også når du er på reise.



Kjemiske produkt

I alle heimar finst det ulike kjemiske produkt til hus, bil og hage. Det er viktig å oppbevare slike produkt på rett måte, for å førebyggje forgiftingsuhell.

Avløpsopnarar og reinsemiddel til steikeomn er døme på produkt som kan gi alvorlege etseskadar ved svelging, söl i augene eller på huda.

Petroleumprodukt som tennvæske, lampeolje og bensin kan gi ein alvorleg lungreaksjon, sjølv om ein berre svelgjer små mengder.

- Oppbevar kjemiske produkt forsvarleg, og hald dei utanfor rekkjevidda til barnet.
- Bruk alltid original emballasje. Hell aldri produkt over på saftflasker, brusflasker eller drikkeflasker.
- Ikkje stol på barnesikre lukkemekanismar. Erfaringar viser at nokre barn klarer å opne desse.
- Hald alltid tilsyn med produkt som blir brukte når barn er i nærleiken.
- Faremerking på emballasje kan vere forvirrande, og produkt utan faresymbol kan òg føre til risiko for forgiftning.

Planter

Vi har planter rundt oss i hus og hage. Dei fleste planter er lite farlege å smake på, men det finst òg planter som kan gi forgiftning.

Gjer deg kjend med kva for planter du har heime og i nærmiljøet. Stoveplanter har ofte namnet skrive på etiketten. Ville vekstar og hageplanter kan vere vanskelegare å finne namnet på. Spør nokon som har god kjennskap til planter, ein gartnar eller eit hagesenter. Sjekk namnet på planten opp mot bilete frå kvalitetssikra kjelder, i bøker eller på internett. Ver merksam på at planter endrar utsjånad gjennom heile vekstsesongen. Giftinformasjonen har bilete av mange planter på giftinfo.no.

I visse tilfelle kan planteappar vere til hjelp. Det er likevel viktig å vite at alle appar har sine avgrensingar, og at ein bør kryssjekke informasjonen frå desse med andre kjelder og bruke dei med fornuft.

Giftinformasjonen identifiserer ikkje planter. Ved uhell kan Giftinformasjonen hjelpe med ei vurdering av situasjonen ut ifrå informasjonen som er tilgjengeleg. Dette kan til dømes vere å utelukke dei farlegaste plantene eller bæra.



Sopp

Det finst soppar som er så giftige at sjølv ein smak kan vere farleg. Dersom barnet har smakt på ein ukjend sopp, kontakt alltid Giftinformasjonen (22 59 13 00). Giftinformasjonen kan hjelpe til med å identifisere soppen og gi råd om vidare oppfølging. Ta vare på soppen som er eten av, eller restane av han. Ha soppen eller gode bilete tilgjengeleg når du ringjer.

Det er nyttig å få vite:

- kvar soppen veks (skog, grasplen, på tremateriale eller anna)
- om det er sopp med hatt og stilk, og kva slags "mønster" det er under hatten (skiver, porer, piggar osv.)
- kor mykje du mistenkjer er svelgt

Det er ikkje farleg å ta på sopp. For å bli forgifta må ein ha svelgt noko av soppen. For dei farlegaste soppane kan sjølv små bitar gi forgifting.

Når du tek bilete av soppen:

- la han ligge i handflata
- ta nærbilete som er i fokus
- ta bilete frå ulike vinklar
 - minst eitt frå oversida (toppen av soppen)
 - minst eitt frå undersida med stilk
 - eventuelt frå vekstområdet

Snus og andre nikotinhaldige produkt

Nikotinhaldige produkt som snus, nikotintyggjegummi og e-sigarettvæske er giftige for barn.

Denne typen produkt er ofte lett tilgjengelege og uhell skjer raskt. Oppbevar alltid snus og andre nikotinhaldige produkt utilgjengelege for barn.

Ved smak på e-sigarettvæske med nikotin, ring 113.

Dersom barnet har smakt på snus, nikotintyggjegummi, skrå eller sigarettar, vil mengda nikotin i produktet vere avgjerdande for om du kan observere barnet heime eller bør ta med barnet til lege. Sjå meir på giftinfo.no eller ring Giftinformasjonen (22 59 13 00) for å få råd.



Babyprodukt

Dei fleste uhell med vanlege babyprodukt er lite farlege. Du må likevel følgje med på om barnet utviklar symptom.

Dersom barnet får noko i munnen når det ligg på ryggen, må du vere ekstra oppmerksam. I slike situasjoner kan produkt lettare komme ned i luftvegane og føre til symptom som krev oppfølging hos lege. Babypudder (talkum) og babyolje er døme på slike produkt.

Giftinformasjonen – kven er vi?

Giftinformasjonen er ei nasjonal, døgnopen rådgivingsteneste som er tilgjengeleg for privatpersonar, helsepersonell og andre. Vi vurderer faren for akutt forgifting i ulike situasjoner og gir råd om korleis dette skal følgjast opp.

Giftinformasjonen er ei avdeling ved Folkehelseinstituttet og består av rådgivarar og seniorrådgivarar med relevant utdanning og opplæring.

Når du ringjer Giftinformasjonen, byggjer vi ráda våre på opplysninga frå deg. Kva som har skjedd, når uhellet skjedde, alderen til barnet og om det er symptom, er viktig informasjon for å kunne vurdere om det er fare for akutt forgifting. Du får rád om kva du bør gjere vidare, og om du kan sjå det an heime eller må kontakta lege.

Heimesida til Giftinformasjonen finn du på Helsenorge (giftinfo.no). Sidene inneholder meir informasjon om alt frå planter, sopp, kjemikaliar og produkt til legemiddel og førstehjelprsåd. På heimesida finn du òg plakaten og brosjyrane våre som du kan laste ned.

Giftinformasjonen

22 59 13 00

(døgnopen telefon)

Sist oppdatert 01.10.2021.